



Camilla Myklebust og Tone Reinertsen Hellesøy syng på bedehuset. Tone er med på prosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Camilla Myklebust (28) frå Uskedalen søker om kulturstipend.  
Ho lager musikk og jobbar som vikar i barnehagen.**

Camilla skriv i søknaden sin at ho har lenge tenkt å gje ut ein cd og hatt ein draum om at musikken hennar skal bli høyrd av mange. Ho ynskjer å laga ei plate med 12 eigne songar spelt inn live i studio. Inntektene skal gå til ungdomsarbeid i Sunnhordland. Budsjettet er på 62.000 kroner.

Sidan Camilla var liten har sang vore ein stor del av henne. I 2004 starta ho bandet Esther saman med ei klasseveninne og ga ut ein ep og 3 år etter eit heilalbum på eige selskap. Esther var eit poporkester og gladband som fekk mange oppdrag. Sidan fall det naturleg å bryte med Esther og flytta heim til Uskedalen..

Bandet består av kun jenter/damer deriblant ein dansk trommis, ein lokal pianist, ei som kvedar og er frå Vinje, ei ung og lovande sangerinne frå Valen og Camilla sjølv. Kanskje blir det med fleire etterkvart.

Når plata er klar er planen å ha ein utandørs konsert og etterfylgjande turne om sommaren og hausten rundt om på Vestlandet.

Av Ola Matti Mathisen